

Nesten 200 sprang fantastisk Spar-løp!

05.05.2016



Idrettsfesten opna med start i yngste klasse.

Det låg i korta på førehand at SPAR-løpet kunne verta ein stor idrettsfest på ein onsdagskveld. Det slo verkeleg til! Og festen vart større enn nokon kunne ana på førehand. Heile 184 løparar frå heile Kvinnherad deltok i løpet, og nesten 50 (47) av desse kom frå Uskedal idrettslag. Dette er sjølv sagt rekord for løpet!



Ei av dei mange som imponerte var Sunniva E. Myklebust.

Sjølve ramma rundt løpet var også praktfull sjølv om vi kunne tenkt oss nokre fleire plussgrader. Start og mål var som vanleg på Sandakaien, og løypene gjekk i nærområdet, det gav mykje spenning og ei flott oppleving for eit stort publikum. Ein makalaus speaker, Sigurd Børve, heldt publikum godt oppdatert med særdeles god oversikt.

Her fekk vi oppleva alt. Unge talent som imponerte og kan driva det langt om dei ønskjer, og mosjonistar som hausta ein helsemessig gevinst gjennom å ha terrengløpskarusellen som mål for trimminga si. Flott var det i så måte å sjå at Randi Knutsen(klasse 65-70 år) gjennomførte den lengste løypa i god stil.

Arrangørene viste nok ein gong at dette har dei særdeles godt tak på. Sjølv med så mange deltakarar hadde dei full kontroll og leverte til toppkarakter. Helselaget og SmakifråOska gjorde kvelden ekstra triveleg. Helselaget stilte med kjekk og aktiviserande hjartequiz borte ved Oska i tillegg til at dei delte ut sunne og gode oppskrifter. Fire deltakarar fekk same poengsum på quizen, og ved loddtrekking vart Leif Magne Framnes den heldige vinnaren.

Roy Lervåg sytte for mat og drikke til både publikum og deltakarar. Han stilte på terrassen med både baccalao, ulike pølser og mineralvatn, eit tiltak mange sette pris på.



#### Spar sytte for premiar til alle.

Men det er fleire å takka for at dette løpet er vorte eit blinkskot. Først og fremst er Spar sentrale som stiller opp kvart år med premiar og godsaker til deltakarane. Også sponsing frå Tysnes sparebank er viktig. Den sikrar fine premiar til daltakarane i terrennlopskarusellen. I tillegg til dei nemnde ønskjer også arrangørane i UIL å takka Rabben Feriesenter og Uskedal båtlag som stiller området sitt til disposisjon til løpet.

Appropos deltakartalet så tar vi med litt historie som vi har fått frå arrangørane. På Kvinnheradmeisterskap i terrennlop på Heio 15.april 1989 var det 86 utøvarar. Då var det ikkje med born som sprang utan tid. Stig Berge-Soldal som då sprang for Herøysund og var 17 år, sprang 1600m og vant med tida 4:28. Knut Olav Myklebust då 9 år, var også med, og sprang 600meter på 2:40. Begge deltok i Sparløpet onsdag.

Det var mange som imponerte denne flotte kvelden, og blant dei som imponerte mest var også dei som står i spissen for arrange mentet.

De finn ein biletserie frå løpet ved [klikka direkte her](#), eller gå inn via Biletgalleri i venstra kolonne her på sida.

Det er også ein flott bildeserie på [kvinnheringen.no](#)

Komplett resultatliste finn de [på UIL si heimeside her](#).



SmakifråOska sytte for godsaker for magen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland